



Arkitekt Amund Nordland
Øvre Korskirkesmug 2 B
5018 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/678 - 17/10323

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
31.03.2017

Rammeløyve for veg - gbnr 239/11 Eknes Ytre

Administrativt vedtak. Saknr: 165/17

Tiltakshavar: Mette Jersin Ansnes og Jo-Harald Færø
Ansvarleg søkjar: Arkitekt Amund Nordland
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om rammeløyvefor endring/utbetring av tilkomstveg til ny bustad på eigdommen:

Følgeløyve

Lindås kommune ved Plan- og miljøutvalet gav den 6. oktober 2016 rammeløyve til oppføring av uthus/garasje og einebustad på gnr. 239 bnr. 11. Det vart også gitt løyve til tilkomst via eksisterande veg i tomtegrensa til gnr. 238 bnr. 3, gnr. 239 bnr. 42, 94 og 11.

I rammeløyvet vart det sett som vilkår for igangsetjing at det vert søkt om endring/utbetring av vegen i eiga sak. Det er denne endringa/utbetringa av vegen som her vert varsla og omsøkt særskilt.

Som vedlagte kartgrunnlag og snitt viser vert vegen liggjande på eksisterande fundament, men det vert lagt nytt toppdekke.

Vidare søker vi om å senke vegen noko gjennom sving lengst nord/aust - dette for å få ein jamnare stigning. Tiltaket innebær og at vegbana her blir utvida og lagt litt lengre mot nord. Dette for å betre svingradius og moglegheit for møte mellom motgåande bilar, samstundes som vegbana då vert liggjande bakom regulerte parkeringsplassar. Dette er det stilt krav om i erklæring av 22. juni 2016 av Eigedomsavdelinga i Lindås kommune: Med unntak av 3 parkeringsplassar lengst aust i planområdet - skal plass for regulert felles parakeringsplass (7 biloppstillingsplassar) opprettehaldast.

Det vert elles vist til søknad motteken 15.02.2017.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett då han var motteken. Sakshandsamingsfristen for rammesøknad er 12 veker. Fristen er 10.05.2017.

Planstatus, dispensasjon

Vegen ligg i LNF i kommuneplanen og på areal regulert til veg og parkering i reguleringsplanen. Plan- og miljøutvalet gav i møte 06.10.2016 dispensasjon frå kommuneplanen og reguleringsplanen for å nytta vegen som tilkomst.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje nødvendig å henta inn uttale frå anna styresmakt til rammeløyvet.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan og lengdeprofil mottekne 15.02.2017

Terrenghandsaming

Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i høve terreng.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Privatrettslege tilhøve

Det er inngått avtale med med eigarane av arealet som vegen ligg på.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve rammeløyve for endring/utbetring av tilkomstveg til ny bustad på gbnr 239/11 på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan og profil mottekne 15.02.2017, med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 16/678

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at arbeidet vert utført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om anleggsarbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jo-Harald Færø	Bjørge 278	5993	OSTEREIDET
Mette Jersin Ansnes	Bjørge 278	5993	OSTEREIDET
Mette Jersin Ansnes og Jo-Harald Færø	Bjørge 278	5993	OSTEREIDET

Mottakarar:

Amund Nordland
Arkitekt Amund Nordland

Øvre 5018
Korskirkesmug 2 B

BERGEN